



VINDAFJORD KOMMUNE

Imsland barnehage

Årsplan 2019-2020



Kommunal barnehage i same eining som skulen.

Imsland skule og barnehage

**Opningstid:
Måndag- fredag 06.45 -16.30**

Tlf. 90136186 (barnehagen) mob.92869593 (styrar)

E-mail

Ellen.tangeraas@vindafjord.kommune.no

Bente.kristin.grimaas@vindafjord.kommune.no

Innhold

Tlf. 90136186 (barnehagen) mob.92869593 (styrar)	1
Innhold.....	2
Innleiing	3
Årsplanen har fleire funksjonar	3
Rammefaktorar.....	3
2. Praktisk og generell informasjon.....	5
Informasjon om barnehagen.....	5
Personalet barnehageåret 2019 - 2020:.....	6
Opningstid og dagsrytme.....	6
Rutinar ved bringing og henting av barna.....	6
Høve til å kjøpa ekstra tid	7
De må merka barna sine klede. Dei kan merkast med klister/strykelappar eller med vannfast tusj.....	7
Korleis ein kan ta kontakt med barnehagen	8
Kva informasjon barnehagen gir ut og korleis	8
Tradisjonar og merkedagar	8
Årshjul med planleggingsdagar og feriar	9
3. Føremål og verdigrunnlag.....	10
Barnehagen sitt føremål	10
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	10
Insland barnehage sin visjon	10
4. Innhalten i barnehagen - omsorg, leik og læring	12
Omsorg og oppseding	12
Leik	13
Læring.....	14
Sosial kompetanse	14
Språkleg kompetanse	15
Barnehagen som kulturarena	16
5. Fagområda.....	16
Kommunikasjon, språk og tekst.....	16
Kropp, bevegelse og helse	17
Kunst, kultur og kreativitet	17
Natur, miljø og teknikk	17
Etikk, religion og filosofi	18
Nærmiljø og samfunn	19
Antall, rom og form	19
7. Overgang barnehage - skule	21
8. Planlegging og medverkenad.....	22
9. Dokumentasjon.....	23
Samarbeidsutvalet	24
Sentrale samarbeidspartnerar	25
• Dei andre barnehagane i Vindafjord Kommune. Me får tips og idear av kvarandre. Har felles planleggingsdagar, kurs og fagmøter... ..	25
Andre sentrale arenaer for samarbeid og utvikling	25
12. Pedagogisk plan for barnehageåret	26

Innleiing

Rammeplanen,
s.37: Alle barnehagar skal utarbeida ein årsplan.

s.38: "Årsplanen har fleire funksjonar:

- *Arbeidsreiskap for barnehagepersonalet til å styra verksemda i ei bevisst og uttalt retning*
- *Utgangspunkt for foreldra til å kunna påverka innhaldet i barnehagen*
- *Grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen*
- *Informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen til eigaren, politikarane, kommunen, samarbeidspartar og andre interesserte"*

Årsplanen har fleire funksjonar

For personalet er årsplanen ein arbeidsreiskap for å styra verksemda i ei medvite og uttala retning.

Årsplanen gir samstundes foreldre/ føresette høve til å kunna påverka innhaldet i barnehagen og den dannar grunnlaget for kommunen sitt tilsyn med barnehagen.

Vidare gir årsplanen informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til andre interesserte.

Årsplanen blir kvart år vedtatt av barnehagen sitt samarbeidsutval.

Det er barnehagen sin styrar som har ansvaret for det faglege innhaldet i årsplanen.

I Vindafjord kommune er det utarbeida felles mal for årsplanarbeidet.

*Denne planen for
barnehagane i Vindafjord
kommune byggjer på
Rammeplanen frå
Kunnskapsdepartementet*

Rammefaktorar

Styringsdokument som ligg til grunn for drift av barnehagane og som barnehagane byggjer sine planar på, er:

- Barnehagelova (Lov av 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar)
- Rammeplanen 2017 (Forskrift til barnehagelova)
- Vedtekter for barnehagane i Vindafjord kommune (2017)



Barnehagane er sjølvstyrte einingar med barnehagestyrar som einingsleiar (med unntak av dei krinsane der barnehage og skule er ei sams eining med rektor som einingsleiar). Styrar/rektor rapporterer direkte til kommunalsjef. Han er ein del av leiargruppa til rådmannen, og desse har m.a. skule- og barnehagefaglege rådgjevarar i sin stab.

Barnehagen får sin økonomi fastsett i kommunen sitt budsjett.

Internettadressene til dei viktigaste styringsdokumenta:

Barnehagelova:

<http://www.lovdata.no/all/nl-20050617-064.html>

Rammeplanen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Vedtekter for barnehagane:

<https://www.vindafjord.kommune.no/handlers/fh.ashx?FillId=2333>

2. Praktisk og generell informasjon

Informasjon om barnehagen

Skulen og barnehagen i Imsland er organisert som ei eining - Imsland skule og barnehage. Barnehagen heiter **Imsland barnehage**. Adressa vår er: Ølmedalsvegen 23, 5583 Vikedal.

Viktige telefonnummer og mail adr.er:

Barnehagen/skulen: 53655830

Ellen T. Tangeraas (einingsleiar): 92869593

Bente Kristin Grimaas (Pedagogisk leiar): 92207597

Email:

ellen.tangeraas@vindafjord.kommune.no

bente.kristin.grimaas@vindafjord.kommune.no

Imsland barnehage er ein kommunal barnehage, der kommunen er eigar.

Barnehagen er ein einavdelingsbarnehage som har 20 plassar.

Barnehagen er lokalisert i same bygg som skulen. Den ligg flott til ved Ølmedalsvatnet og har eit godt uteområde som vert flittig nytta.

Det er kommunen som til ei kvar tid sender rekning på barnehageoppphaldet. Det vert gitt syskenmoderasjon.

Barnehagen si opningstid er måndag til fredag frå kl. 06.45 – 16.30.

I Vindafjord kommune sine vedtekter for barnehagar står det at borna si oppholdstid i barnehagen til vanleg ikkje bør vera over 9 timer pr. dag.

Barnehagen er stengt lovfesta off. heilagdagar og fridagar samt jule- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00.

Barnehagen er open deler av sommaren, Vindafjord Kommune har eigne vedtekter om feriestenging av barnehagar. Ein kan og i periodar av ferien, stengja etter avtale med foreldra dersom det er få barn, evt samarbeida med andre barnehagar.

Barna skal i løpet av året ha 4 veker ferie, og tre av desse må takast samanhengande mellom 15 juni og 15 august. Barnehagen skal ha tilbakemelding på barnets ferie innan 1 mai.

Barnehagen har fem planleggingsdagar i året. Desse dagane held barnehagen stengt.

Personalet barnehageåret 2019 - 2020:

Imsland barnehage har 4,0 + 0,25% årsverk.

Namn	Stilling	%
Ellen Tangeraa s	Einingsleiar/styrar	35
Bente Kristin Grimaas	Ped.leiar	100%
Lillian Eikeland	Barnehagelærar	100%
Brit Utaaker	Assistent	60%
Liv Irene Eimstad	Assistent	80%
Hege Imsland	Assistent	15%

Vikarar: Borgny Hustoft

Opningstid og dagsrytme

I Imsland barnehage har me ikkje ein fastspikra dagsrytme, den varierar, men det er enkelte ting me gjer kvar dag. Dagsrytmen i barnehagen ser slik ut:

- 06.45 Barnehagen opnar. Vi har ein roleg start på dagen.
- 07.30 - 09.00 Frukost for dei som ynskjer. Barna et når det passar dei. Smørjemat / graut.
- 09.30-ca 11.00 Samlingstund, grupper med aktivitetar som forming, språkgrupper, spel, osb. Bruk av gym.sal/lavo eller tur.
- Ca. 10.45 - 11.30 Lunsj, smørjemat, varm mat eller mat tilberedt ute om me er på tur, til dømes graut, suppe.
- Ca. 12.00 Uteleik
- Ca. 14.00. Yoghurt eller påsmurte skiver og frukt. Me et ute eller inne etter vær og årstid.
- 16.30. Barnehagen stenger.

Rutinar ved bringing og henting av barna

Dersom det ikkje er personal i garderoben når de kjem om morgonen, **skal** barnet fylgjast inn på avdelinga.

Foreldra **skal** gi beskjed til personalet i barnehagen når de hentar barnet dykkar, slik at me til ei kvar tid veit kven som er igjen i barnehagen og kven som har gått heim.

Foreldra må fylle ut eit skjema om kven som har lov til å henta barnet.

Dersom nokon som ikkje står på lista skal henta, må foreldra gi beskjed til barnehagen.

Aktivitetar og samling starta ca.kl.09.00. Dersom de kjem seinare er det fint om me får beskjed om dette.

Sjukdom

Dersom barnet er sjukt skal barnet vera heime. Dette fordi det er best for barnet og grunna smittefare ein utset dei andre barna for. Gi beskjed dersom barnet av ein eller annan årsak ikkje kjem i barnehagen ein dag. Blir barnet sjukt eller utsett for ei ulukke, og me ikkje får kontakt med heimen, tek me kontakt med lege eller helsestasjonen.

Høve til å kjøpa ekstra tid

Det er høve til å kjøpa ekstra dagar ved ledig kapasitet i barnehagen. Ved kjøp av ekstra dagar betalar ein kr. 280.- pr dag. Me gir ikkje søskenmoderasjon ved kjøp av ekstra dagar.

Hugsliste over klede som barnet treng i barnehagen:

De må merka barna sine klede. Dei kan merkast med klister/strykelappar eller med vannfast tusj.

Byteklede:

- Truser
- Trøye
- Strømpebukse/stillongs
- Sokkar
- Bukse
- Genser
- Vottar
- Lue

Varme klede:

- Ull/fleecebukse
- Ull/fleecegenser
- Ullsokkar
- Vinterdress
- Skjerf
- Lue
- Vottar

Regnklede:

- Regnbukse
- Regnjakke
- Støvlar

Korleis ein kan ta kontakt med barnehagen

Dagleg kontakt med foreldra er ein viktig del av samarbeidet. Dette er viktig for å formidle beskjedar, og for at borna skal føla seg trygge. Ein står fritt til å ringa til barnehagen kor tid som helst om det er noko ein lurer på eller har lyst til å diskutera. Ein må sjølvsgåt også ta kontakt med personalet når ein er i barnehagen om det er noko ein har lyst å seie. Det kan vere lurt å snakka med den vaksne under fire augo slik at barna ikkje får med seg kva ein vil ta opp om det angår dei.

Telefonnummer til barnehagen : 90136186

Telefonnummer til einingsleiar/styrar Ellen: 92869593

Telefonnummer til pedagogisk leiar Bente Kristin: 92207597

Kva informasjon barnehagen gir ut og korleis

Kvar haust gir me ut ein **informasjonsfoldar** og ein **årsplan**. Årsplanen er målretta og vert skrive for kvart år. Den er eit styrande dokument som blir evaluert og utvikla. Den seier noko om kva vi ynskjer å oppnå, kva ein vil gjennomføra og korleis ein vil leggja til rette.

Me lagar periodeplan/ månadsplan som seier noko om kva me skal jobba med dei månadene som kjem.

Munnleg informasjon blir gitt til foreldra i bringe- hentesituasjonen. Dei får og informasjon gjennom foreldremøter- og samtalar.

Tradisjonar og merkedagar

Når nokon i barnehagen vår har bursdag heng me ut flagget.

Bursdagsbarnet får krone, me syng bursdagssang. Barnet vel eit eventyr og me har noko godt til maten f.eks is.

I tida før jul brukar vi mykje tid på å formidla juletradisjonar. Me bakar store pepparkakehjerter som er adventskalenderen vår og me har adventsstund kvar måndag. Me har grautfest og S-gjengen og Lykketrolla får tilbod om å vera med skulen på «julevandring». S-gjengen får tilbod om å være med skulen på gudsteneste før jul.

Påsken markerer me med påskelunsj . Me gjer og barna merksame på alt det nye livet som kjem i naturen om våren.

Andre tradisjonar:

Karneval

Haustfest med grønsakslapskaus/suppe og eplekake/pai til dessert.

Mai-fest med markering av 17-mai.

Sommarfest som avslutting på barnehageåret og markering av borna som har bursdag om sommaren.

"Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimane ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfalda skaparglede, undring og utforskarkrong. Dei skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og anerkjenna barndommens eigenverd. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering.

(Barnehagelova §1, endra 01.08.2010).

Årshjul med planleggingsdagar og feriar

Nytt barnehageår starta opp igjen 15 aug. 2018.

Barnehagane er stengde på lovfesta offentlege heilagdagar og fridagar samt jule- og nyttårsafta.

Onsdag før Skjærtorsdag stenger barnehagane kl. 12.00.

I løpet av barnehageåret held barnehagane stengt fem planleggingsdagar.

Desse blir kvart år fastsette i barnehageruta.

Juli er betalingsfri månad.

15.08.19	Oppstart av nytt barnehageår
Onsdag 14.08.19	Planleggingsdag nr 1 (bhg er stengd)
August/September	Oppfølgingsamtale med foreldra til nye barn. .
Sept./oktober	Foreldremøte. Foreldrerådet vel nye foreldrerepresentantar til su.
Måndag 23.09.19	Planleggingsdag nr 2 (bhg er stengd) Felles kommunal planleggingsdag
Okt/ november	Foreldresamtalar
Fredag 15.11.19	Planleggingsdag nr 3 (barnehagen stengt) Felles kommunal planleggingsdag
Desember	
Februar/mars	
Torsdag 05.03.20	Planleggingsdag nr 4. (bhg stengt).
Onsdag 08.04. 20	Barnehagen stenger klokka 12 onsdag før skjærtorsdag
Mai	Barnehagen stengjer følgjande offisielle høgtidsdagar: Fredag 01.05, fredag og Kr. Himmelfart torsdag 21.05 Maifest
Fredag 29.05.20	Planleggingsdag nr 5 (bhg er stengd), interne kurs og planlegging i kvar eining
Juni	Stengt , pinse 1.06 (måndag) Avslutning for s-gjengen, sommarfest i lag med skulen. Bursdagsfeiring for sommarborn

Feriar:

Alle barn har rett på **fire** ferieveker. 3 veker må takast samanhengande i perioden 15.juni – 15.august. Styrar kan gjere unntak frå dette i særlege høve. **Barnehagen skal ha melding om kva tid barnet skal ha sommarferie innan 1.mai.** Grunna planlegging av ferieavvikling for personalet i barnehagen

Den siste ferieveka kan takast når som helst i barnehageåret, og den kan etter ønskje delast opp. Barnehagen skal likevel ha melding om når barnet skal ha evt. feriedag seinast 2 veker på førehand.

Kommunen kan stenge barnehagar om sommaren, i enkelte veker, når talet på barn som nyttar barnehagen er lågt. Det vil bli gitt eit kommunalt barnehagetilbod som foreldre, etter søknad, kan nytta for sine barn i desse vekene.

3. Føremål og verdi- grunnlag

Barnehagen sitt føremål

Barnehagen skal byggja verksemda på dei etiske grunnverdiane som er forankra i kristen og humanistisk tradisjon, og som er venta å ha ei brei oppslutnad i befolkninga i Noreg. Desse grunnverdiane finn me òg i dei fleste andre religionar og livssyn, t.d. nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet.

Barnehagen skal læra barn om tru og verdiar, medan opplæring til tru er det heimen som har ansvar for.

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barnehagen byggjer arbeidet på følgjande grunnleggjande verdiar:

fellesskap, omsorg og medansvar. Me skal her representera eit miljø som byggjer opp respekt for menneskeverd og retten til å vera ulike. Dette vil me skal komma til uttrykk gjennom at me legg sentrale samfunnsverdiar som menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom og toleranse til grunn for omsorg, oppseding, leik og læring.

Likestilling mellom kjønna skal visast igjen i barnehagens pedagogikk.

Personalet i barnehagen skal reflektera over eigne haldningar og samfunnets forventningar til gutter og jenter, slik at ein kan oppdra barn til å møta og skapa eit likestilt samfunn.

I dagleglivet i barnehagen skal me arbeida for å fremja forvaltaransvaret for natur og kultur og ansvaret for livet og helsa til andre menneske.

Personalet har som rollemodellar eit særleg ansvar for at barnehagens verdigrunnlag blir etterlevd i praksis. Refleksjonar over eigne verdiar og haldningar bør difor gå inn i personalet sine pedagogiske drøftingar.

Imsland barnehage sin visjon

«Rom for alle og blikk for den enkelte»

Gjennom barnehagedagen vil me at barna skal få oppleve mestring, læring og leik. Me ynskjer å bidra til auka sjølvkjensle og sjølvtillit hjå det enkelte barn, og å styrke den sosiale kompetansen.

Me ynskjer ein barnehage der me har me god tid. Me ynskjer at barna skal sleppe å oppleve stress og tidspress. Me vil at barna skal få ha opplevinga av å **ha** heile dagen.

Barna skal bli møtt av autoritative vaksne, og anerkjennande kommunikasjon er noko som blir vektlagt hjå oss.

Personalet skal vere støttande og oppmuntrande for barna, og skal gjennom styrt aktivitet, men også viktig,- rutinesituasjonar, som måltid, garderobe og hygiene, bidra til auka mestringskjensle og læring hjå barna.

Me skal ha personal som ynskjer å vera til stades for barna, og som har tid,- god tid!

Me skal ha ein inkluderande barnehage! Me vil ha rom for alle, og blikk for den enkelte.

Inkludering er ikkje noko ein oppnår, men ein kontinuerlig prosess som ein heile tida må jobbe med.

"Det er intet i verden som er så ulikt, som lik behandling av ulike mennesker"

Linjal-likhet (at alle blir behandla likt) finn ein ikkje i Imsland barnehage.

-me jobbar etter *likhet-etter-behov-perspektivet*, der me behandlar og omgår kvart einskild barn utifrå deira behov.

4. Innhaldet i barnehagen - omsorg, leik og læring

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig og variert, og skal utformast slik at kvart enkelt barn får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldninga. Samtidig skal innhaldet støtta språkleg og sosial kompetanse gjennom felles opplevingar og samvær. Barn bør få oppleva at digitale verktøy kan vera ei kjelde til leik, kommunikasjon og kunnskapsinnhenting. Arbeidsmåtane og innhaldet må sjåast i samanheng.

*«Årsplanen skal mellom anna visa korleis barnehagen arbeida med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjerast»
(Rammeplanen s.38)*

Omsorg og oppseding

Våre haldningar til barn og barneoppseding:

I vårt pedagogiske arbeid vil vi legge vekt på omsorg, leik, samspel, glede og barn sin rett til medverknad.

Me har tru på at all utvikling skjer i relasjon til andre og at det er kvaliteten i samspelet som gir grunnlag for utvikling. Det vil sei at me har den haldning at barn sine opplevingar og erfaringar er like verdifulle som dei vaksne sine. Dette inneber grunnleggjande respekt for barn og barndom og set barn sine opplevingar i fokus.

I kvardagen vil dette gjenspeglia seg i at barna sine initiativ og medverknad vert tatt på alvor slik at dei får ei reel moglegheit til å påverke sin eigen kvardag. Dette kan vere frå å dekka bord, bestemma turar og til større prosjekt som kan vare over tid.

Dei vaksne har ansvar for å la alle barn få moglegheit til medverknad ut i frå føresetnader, ynskjer og behov.

Som oppdragar har ein også ein rolle som grensesetjar. Me meinat barn har behov for grenser for å kunne utvikla seg og verta trygge. Me vil legga vekt på å ha ein anerkjennande veremåte, vere tydelege vaksne i samspelet. Den vaksne må og visa empati å ha realistiske krav ut i frå barna sin alder og utvikling.

Med så mange barn saman som i ein barnehage vil det av og til oppstå konfliktar og krangling. Dei vaksne får då ei rolle som konfliktløysarar og rettleiarar.

For at barn skal kunne utvikla evne til å løysa konfliktar på ein konstruktiv måte, vert dei vaksne også her viktige modellar.

Dialogen vil stå sentral, og det vil vere av stor tyding at begge partar i konflikten får moglegheit til å setja ord på sine eigne opplevingar av kva som skjedde. På denne måten vil barna lære å sette seg inn i andre sin situasjon, sette ord på sine eigne kjensler, og i denne prosessen få nye erfaringar.

Framfor alt vil me vere gode rollemodellar. Med dette meiner me å vere vaksne som set grenser, gir omsorg, tryggleik og varme. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærliek, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prega alle situasjonane i kvardagslivet i barnehagen.

Leik

Leiken er det som gir barna best grunnlag for å utvikla sosial kompetanse. Sosial kompetanse er både ein føresetnad og ein konsekvens av leiken.

Dette tyder at vi må legge til rette for leik i barnehagen.

Me vaksne må ha respekt for barna sin leik og fridomen i leiken. Det vil sei at barna må få nok plass og uforstyrra tid til at god leik kan utvikla seg.

Dei siste åra har det stadig blitt større fokus på at leiken må bli meir framtredande i norske barnehagar att, og på bakgrunn av dette vil Imsland barnehage ha eit særskilt fokus på leik.

Barnas leik skal vera postitivt lada, der barna opplever flow og at leiken blir driven fram av barnas eigen indre motivasjon. Leiken skal vera ein arena der venskapsband blir knytta, der ein utviklar empati og lærer turtaking. Barna lærer å bli tolerante gjennom å gi og ta, og oppleve at alle er forskjellige og et alle må ta hensyn til kvarandre. Gjennom leik får ein sosial kompetanse.

Leiken skal ha ein framtredande plass i barnehagen. Dei ansatte skal legge til rette for ulik leik til barna. Dette kan vere rollelek, konstruksjonslek, regelleik og sanseleik gjennom ulike typar formingsmateriale, og grov- og finmotoriskleik for å nevne noko.

Romma i barnehagen skal brukas allsidig. Dei ansatte skal heile tida bidra til å gjere endringar i romma på ein sånn måte at det inspirerer barna til leik. Dette gjer ein med enkel ommøblering, jamnleg utbytting av leiker og leikerekvisittar, og ved å stadig lage nye leikekrokar.

Dei ansatte skal ha respekt for at barna enkelte gonger ynskjer å leike aleine, og det skal bli lagt til rette for at leiken til barna blir skjerma.

Det skal ta hensyn til at det er stort alderssprik i barnegruppa, og dei ulike aldersgruppene skal ha sin leikekultur skjerma. Barnegruppa skal enkelte dagar delast inn i aldersbestemte grupper.

Barna skal få oppleve frileik der dei bestemmer og driv fram leiken sjølv,- at dei finn sin indre motivasjon. Dei ansatte skal vera observande og gripe inn og hjelpe til dersom det blir konflikter som barna ikkje klarar å løyse på eigen hand.

Barna skal også få oppleve styrt leik, der ein lærer gjennom leik.

Barna skal oppleve leikegrupper der ein blir inndelt etter alder, evt på tvers av alder.

Utdanningsdirektoratet seier dette om leik:

«Leken skal ha en framtredende plass i barns liv i barnehagen. Leken har egenverdi og er en viktig side ved barnekulturen. Leken er et allment menneskelig fenomen der barn har høy kompetanse og engasjement. Den er en grunnleggende livs- og læringsform som barn kan uttrykke seg gjennom.

Leken har mange uttrykksformer og kan føre til forståelse og vennskap på tvers av alder og språklig og kulturell ulikhet. I et lekefellesskap legges

grunnlag for barns vennskap med hverandre. Å få delta i lek og få venner er grunnlaget for barns trivsel og meningsskaping i barnehagen. I samhandling med hverandre legges grunnlaget for læring og sosial kompetanse. På den andre siden kan makt og utestenging i leken hindre vennskap og gode relasjoner.

Barn lærer og utvikler en sammensatt kompetanse gjennom leken. Ved å late som, går barn inn i sin egen forestillingsverden, tar andres perspektiv og gir form til tanker og følelser. Gjennom utforskning og samtale om verden og fenomener skaffer de seg kunnskap og innsikt på mange områder. Lek med den fysiske verden både ute og inne innebærer utforskning og bearbeiding av inntrykk.

Leken er en del av barnekulturen og gjenspeiler forhold i barns oppvekstmiljø og i samfunnet generelt. I leken overføres også barnekulturelle tradisjoner fra eldre til yngre barn. Lek, estetiske aktiviteter, humor og kreativitet er fenomener som har tilknytning til hverandre. Små barns lek er tett forbundet med deres særegne humor. Hos de yngste barna har humoren først og fremst en kroppslig basis og utvikles vesentlig gjennom samhandling barna imellom. Barn leker med utgangspunkt i sin nysgjerrighet, sine evner og forutsetninger».

Læring

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal støtta barna sin nysgjerrigkeit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, dugleikar og ferdigheteir.

Me vil ha barn som leiker, har tru på seg sjølv og sine handlingar, som tar initiativ, er delaktig og medverkande i barnehagedagen.

Læring skjer i alle situasjonar i barnehagen, strukturerde og ustrukturerte, i her - og no hendingar og planlagde aktivitetar, i samspel barn - voksen og barn – barn, det skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært sammen med leik, oppseding og omsorg. Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på ulike område, vår oppgåve er å gje barn ulike erfaringar og opplevelingar som dei lærer noko av. Me må møte dei på ein undrande og utforskande måte slik at det danne grunnlag for eit aktivt og utviklande læringsmiljø i barnehagen. For at læring skal finna stad er det viktig at me legg til rette for å skapa gode relasjonar til kvarandre.

Sosial kompetanse

I rammeplan for barnehagen set ein sosial kompetanse på dagsordenen som eit svært sentralt utviklings- og læringsområde for barn under skulepliktig alder.

For å forklara kva ein meiner med sosial kompetanse støttar me oss til Kari Lamer som deler sosial kompetanse inn i fem hovudområder:

1. Empati og rolletaking:

- leva seg inn i andre menneske sine følelsar.

2. Prososial atferd:

- Positive holdningar og handlingar som til dømes hjelpa andre, dela, oppmuntra og visa omsorg. Dei er friviljuge og har til hensikt å vere til nytte for andre.

3. Sjølvkontroll:

- Kunne utsette eigne behov og ynskjer i situasjonar som krev turtaking, og handtering av konfliktar.

4. Sjølvhevding:

- Ta initiativ i høve til andre i samtalar, leik og felles aktivitetar.

5. Leik, glede og humor:

Å føla glede, kunne slappa av, spøke og ha det moro. Kunne tre ut og inn i leiken, og involvera seg heilt og fritt i han.

Når vi fokuserer på sosial kompetanse ynskjer vi at barna skal:

- Bry seg om kvarandre.
- Ta vare på kvarandre
- Reagere på urett.
- Lytte til andre.
- Melde behov.
- Ta initiativ.
- Leike.
- Få vener.
- Vise høflighet.
- Ha det kjekt.
- Finne kreative løysingar i samspel.

Det som har størst betyding i løpet av barnehagedagen er kva barn lærer gjennom samspel med andre barn og vaksne. I dette samspelet vil den vaksne si rolle ha stor betyding.

Språkleg kompetanse

Barnehagen skal sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne kjensler og tankar.

Felles opplevingar og aktivitetar gir eit rikt høve til kommunikasjon barn - barn og barn - vaksne. Me vaksne i barnehagen er viktige som språklige modellar. Samtalar om felles opplevingar, om laust og fast, høgtlesing, forteljingar, songar, rim og regler og språkleiken BRAVO er mellom anna komponentar som er med å leggja til rette for eit rikt språkleg miljø i barnehagen vår.

Det har vore felles satsing på språk, med fokus på bruk av nynorsk, i alle barnehagar i Vindafjord f.o.m. hausten 2009.

Barna skal bli kjende med nynorsk språk og dialekt, i mellom anna songar, rim og regler. Dette styrkjer utvikling av eigen identitet. Dei skal få ta del i

formelle språkgrupper, og opphalda seg i eit miljø som er språkrikt og språkstimulerande.

Med auka språkleg kunnskap blir barna betre førebudde til skulestart

Barnehagen som kulturarena

Barnehagen skal formidla verdiar og kultur, gje rom for barna si eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen vår er ein viktig arena for å utvikle kulturell identitet. Vår barnehage er open for impulsar frå den lokale, regionale, nasjonale og globale verda.

Me legg også til rette for at barna skal få skapa sin eigen "barnekultur". Barn tolkar inntrykka sine og skaper mening ved å leike og gi form til det dei er opptekne av.



5. Fagområda

Kommunikasjon, språk og tekst



Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. Kommunikasjon går føre seg i samspel mellom fleire aktørar, og kan vere både verbal og nonverbal. Me samtalar mykje om opplevingar, tankar og kjensler for å utvikla eit rikt og nyansert språk. Me brukar rim, regler, songar, dikt og ulike tekstar i arbeidet med språket. I tillegg har me lesekrok/språkgrupper.

Kartleggingsverktøyet TRAS (tidleg registrering av språkutvikling) vert brukt til observasjon og kartlegging av språket. Dette skjemaet vert overført til skulen ved skulestart.

- Personalelet skal vere bevisst på korleis ein ordlegg seg, og skal bruke eit rikt, men lettfatteleg språk. Personalelet må tilrettelegge språket sitt etter kva aldersgruppe og modningsnivå mottakar er på. Personalelet skal snakke *med* barna, ikkje *til* barna.
- Det skal nyttast nye og gamle eventyr, bøker og songar. Gjennom eventyr, bøker og songar møter barna eit rikt og variert språk.
- Få kjennskap til bokstavar, lydar og stavingar gjennom språkleiker. Me nyttar Språksprell materiellet.
- Morgonsamling: Kalender, årstider, påkledning, telljing, fortelling, eventyr, bøker og song.
- Vis og fortell": barna har med seg ein ting som dei viser og fortel om til resten av barnegruppa.
- Teikning: teikne frå eit eventyr, fortelling og/eller hending.
- Me nyttar desse kartleggingsverktøya: "Alle med" og "TRAS".

Kropp, bevegelse og helse

I småbarnsalderen tileignar barn seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barn er kroppsleg aktive og dei uttrykkjer seg mykje med kroppen. I barnehagen har me fokus på eit sunt og godt kosthald, me har smørjemat til begge måltida, samt frukt og grønsaker. Ein dag i veka har me oftast varmt måltid.

- Me brukar naturen rundt oss til ulike motoriske og sansestimulerande opplevingar både på tur og i barnehagen sitt uteområde, me nyttar av og til gym.sal. Barnehagen har eigen lavvo. Utetid kvar dag i eit variert uteområde.
- Klatring i klatrestativ, trær og "fjell"-skrentar.
- Turar for dei eldste barnegruppene.
- Regelleik.
- Høve til å ha med sykkel dagar der skulen har fri.
- La barna få boltre seg med å lage ballanse løyper inne av bord, stolar og benker,- samt åling gjennom bokhyller og hopping frå stolar og benker.
- Ha eit rikt, variert og sunt utvalg av matvarer til kvart måltid.
- Ha fokus på sundt kosthald. Snakke og reflektere saman med barna om kva som er sunne vanar.
- **5 om dagen garanti**

*"Fagområda speglar
område som har
interesse og eigenverdi
for barn i
barnehagealder, og
skal bidra til å fremje
trivsel, allsidig utvikling
og helse.
(Rammeplanen s.47)*

Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal gi barna høve til å oppleve kunst og kultur og til sjølve å uttrykkja seg estetisk. Mange av dei estetiske aktivitetane knytt til forming, musikk, dans og drama i barnehagen oppstår spontant, ved teikning, måling, konstruksjonsleik, rolleleik, song, samlingsstund osb.

- Vidare har me faste aktivitetar i løpet av månaden der me eksperimentera med ulike materiale, syng, dansar, har rollespel, brukar musikkinstrument osb. Ulike formingsaktiviteter, med ulikt formingsmateriell, knytt opp mot årstider og tradisjonar.
- Eventyr og forteljing.
- Enkel dramatisering.
- Film.

Natur, miljø og teknikk

Me er ein barnehage som prioriterer natur- og uteliv Denne vektlegginga veit me vil ha positive konsekvensar for barnet si utvikling. Det er eit mål for oss at barna skal få ei gryande forståing for økosystema i naturen og kor viktig ei berekraftig utvikling er. Rammeplanen legg og vekt på tydinga av barns leik og opplevingar ute i naturen.

Det forventast at barna skal få oppleva friluftsliv og uteaktivitetar til alle årstider, noko som også er ein viktig del av den norske turkulturen. Barnehagen vil dette året nytta mest mogleg den nye lavvoen som kjem opp i skogen i løpet av hausten. Her kan ein ha grupper med ymse aktiviteter, lage måltid og nytta naturen rundt lavvoen.

Arbeidet vert gjort synleg gjennom:

- smågrupper på korte og lengre turar. Me har med stormkjøkken og kokar ute, lagar mat på bål eller har med matpakke. Me snakkar om og undrar oss over livet i naturen og gir barna forståing for planter, dyr, landskap, årstider og ver, miljøvern og samspelet i naturen.
- prioritering av utelek

Etikk, religion og filosofi

Dette fagområdet er med på å forme måten me oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldninga.

Me jobbar for at barna skal utvikla toleranse og interesse for kvarandre og respekt for bakgrunnen til kvarandre, uavhengig av den kulturelle og religiøse eller livssynsmessige tilhørsela. Rammeplanen beskriv den gylne regelen:

"ALT DU VIL AT ANDRE SKAL GJERA MOT DEG SKAL DU GJER MOT DEI".

Andre relevante grunnverdiar som også rammeplanen strekar under er:

Nestekjærleik, empati og solidaritet:

Me vil ha barn som har evne til å leva seg inn i andre sin situasjon, som har evne til å lytta og som reagerer på urett. Me jobbar aktivt med å være gode venner og konflikthandterieng

Menneskeverd:

Me vil ha barn som opplever at dei har rettar, uansett kjønn, funksjonsnivå, sosiale, geografiske eller etnisk tilhørsle.

Toleranse og respekt:

Me vil ha barn som er sosialt handlingsdyktige og som bryr seg. Hjelpe og støtte barna til å høyre på kvarandre, og å forstå kva den andre seier.

Rettferd:

Me vil ha barn som opplever å bli tatt på alvor slik at dei utviklar tryggleik til å utsetje eigne ynskjer og behov slik at det gagnar andre.

Sanning og ærlegdom:

Me vil ha barn som utviklar evne og tryggleik til å setje ord på eigne opplevelingar og som vågar å vere ærlege mot seg sjølv og andre.

Fred og forståing:

Me vil ha barn som utviklar evne til å løyse konfliktar på ein fredeleg og hensiktsmessig måte og som kan ta andre sitt perspektiv.

Forvaltaransvar:

Me vil ha barn som lærar å ta vare på seg sjølv, på ting rundt seg og naturen.

Dei vaksne skal være gode rollemodellar for borna, og anerkjennande kommunikasjon blir vektlagt.

Nærmiljø og samfunn

Me i barnehagen skal bidra til at barna møter verda utafor familien med tillit og undring. Me skal leggja vekt på å styrke kunnskapen om og tilknytinga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Dette skal me oppnå med å bruke nærmiljøet på tur. Me fortel segner og soger med lokal tilknyting.

Me skal også gi barna kunnskapar om samane som urfolk i Noreg.

- Bli kjent, og gå på turar i nærmiljøet.
- Få kjennskap til lokale stadnavn i nærmiljøet.
- Få kjennskap til kor den enkelte bur.
- Få kjennskap til nærliggande bygder, og navn på dei.
- Få kjennskap til kva dei ulike foreldra arbeidar med.
- Resirkulering.
-

Antall, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Me ynskjer at barna gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar skal utvikla sin matematiske kompetanse. Me vil legga til rette for allsidige erfaringar med tal, mønster og former, storleikar og mål, plassering og orientering, og nytta gode matematiske omgrep. Mykje av denne læringa skjer i ustukturerte læringssituasjonar som oppstår her - og no.

- Teljing kvar dag i morgonsamling.
- Addisjon og subtraksjon i vaskekø.
- Bruke benevnelsar som først, sist, bakerst, fremst, første, andre, tredje osb.. over, under og ved sida av (for å nevne nokre), i naturlige situasjonar.
- Få kjennskap til matematiske former som, sirkel, trekant, kvadrat og rektangel.
- Bruke mattekassen som styrt aktivitet i dei to eldste barnegruppene.
- Lære tellramsen opp til 10.
- S-gjeng lære ein til ein forhold, og antallskonservering.

6. Satsingsområde

Barnehagane i Vindafjord er nå med i ei nasjonal satsing på kompetanseheving. ReKomp (Regional Kompetanseheving), der pedagogisk leiing nå er teke ut som det viktigaste satsingsområdet.

Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage (ReKomp) er ein heilt ny, nasjonal ordning for kvalitetssatsing i barnehagane. Hovedmålet er å styrke kvaliteten for alle barn i barnehagane. Ein god pedagogisk praksis som er i tråd med samfunnsmandatet, har styrarar og pedagogiske leiarar i

barnehagen som tek ansvar for å leie og utvikle barnehagen med fagleg, pedagogisk og didaktisk skjønn. Ein målretta kompetanseutvikling i barnehagesektoren krev samarbeid mellom barnehage, høgskule og barnehageeigar.

Satsingsområda elles i planen er:

- Barnehagen som pedagogisk virksomhet
- Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning.
- Språk og kommunikasjon
- Barnehagen sitt verdigrunnlag

SATSINGSMRÅDA

- «Vera Saman», som har vore satsingsområdet til Haugalandsløftet, ligg til grunn i det daglige arbeid med barna. Me skal vera «varme og grensesetjande vaksne».

- Kommunen er med i BTI – BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytta undring eller bekymring til. Hensikten med BTI-modellen er å kvalitetssikra heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brudd i oppfølginga. BTI bidreg til tidleg innsats, samordning og medverknad.

BTI er ein samhandlingsmodell, som er illustrert gjennom fire nivå fra 0 til 3, sjå figuren under.

Denne viser at det tverrfaglege samarbeidet kan være meir eller mindre omfattande og involvera få eller mange tenester eller instansar. Inndelinga i nivå og kompleksitet i samarbeidet er illustrert med puslespillbrikker, der kvar og ein er nødvendig med tanke på heilskapleg og koordinert innsats.

BTI-modellen



7. Overgang barnehage – skule

Rutinen for overgangen mellom barnehage og skule er forpliktande for både skule, barnehage og PPT. Rektor og styrar er ansvarlege for

TID	TILTAK	ANSVAR
SEPT.	Informasjon til foreldra i barnehagane, på foreldremøte eller i foreldresamtale, om: <ul style="list-style-type: none"> ▪ rutinen i kommunen ang. skulestart ▪ at skulen sender ut innskrivingsskjema i des./jan. ▪ at 1.mars er frist for å søkja om utsett skulestart 	Ped.leiar
DES.-JAN.	Henta ut namneliste på Unique Skole, over dei som skal starta	Sekretær/ Rektor
DES.-JAN.	Annonse i avisene om at innskrivingsskjema vert sendt ut	Stabs- rådgjevar
DES.-JAN.	Skulen sender innskrivingsskjema til foreldra. Samtykke frå foreldra ang. innhald/informasjon som skal leverast til skulen, er del av dette skjemaet.	Einingsleiar
JAN.-MARS	Evt. ressursmøte skule, barnehage, foreldre og PPT om spesialpedagogiske tiltak for elevane som skal starta på 1. steg.	PPT
VÅR-HALV-ÅR	Skulen held informasjonsmøte for foreldra med presentasjon av skulen, tilsette, organisering, lese- og skriveopplæringa, SFO o.a. Dette kan samkjøyrast med besøk av elevane på skulen. Dette foreldremøtet kan haldast medan elevane er i lag med "skulefadrane" sine.	Einingsleiar
VÅR-HALV-ÅR	Komande 1. steg vert innbedne til skulen. Får møta lærar, fagarbeidar, fadrar, sjå på lokala osb.	Einingsleiar/ lærar
VÅR-HALV-ÅR	Alle barn i barnehagen skal observerast med TRAS det året dei tek til på skulen.	Ped.leiar/barnehagelærar
VÅR-HALV-ÅR	Overgangsmøte mellom skule og barnehage, der barnehagen informerer om barna som skal ta til på skulen. Gjennomgang av TRAS og "Alle med". Deltakrar: Einingsleiar, kontaktlærar for 1. kl. ped. leiar/barnehagelærar og ved behov repr. for PPT.	Einingsleiar
AUG.-OKT.	Foreldresamtale på skulen. Foreldre får høve til å gje informasjon om barnet. Oppfølging av TRAS er også tema.	Kontakt-lærar
OKT.-NOV.	Evaluering av overgangsprosessen. Ped.leiar og einingsleiar tar del.	Einingsleiar

gjennomføringa.

- Ut over det som står i desse felles rutinane, kan sjølvstapt skule og barnehage avtala t.d. besøk av kontaktlærar i barnehagen, fleire besøk av barna på skulen osb.

Overgang skule barnehage – våren 2020

I januar/februar får alle som skal starte på skulen til hausten tilsendt eit innskrivingsskjema. Der ber me om opplysningar me treng for å førebu ein god skulekvardag for kvar einskild.

Mai/juni vil barnet bli invitert - saman med barnehagepersonell - til å vera nokre timer på skulen. Det blir då fellessamling, leik saman med 1. og 2. klasse.

I juni vil førskulebarna ha ein førskuledag saman med elevane som går i 1. klasse.

Mai/juni: Informasjonsmøte for foreldre til nye 1.klasse.

I juni har pedagogisk leiar i barnehagen, kontaktlærar for 1. klasse til hausten og rektor overføringsmøte. Der går ein gjennom TRAS og ALLE MED skjema og samtalar om kvart einskild barn som skal starte på skulen. PPT kan og vere med på dette møtet. Foreldra kan vera med på dette møtet om dei ynskjer det, då må foreldra melda frå til pedagogisk leiar på førehand.

I august vil foreldra bli inviterte til foreldremøte på skulen.

"Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, eventuelt skulefritidsordning. (Rammeplanen s.33)

8. Planlegging og medverknad

God planlegging kan bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda. Planlegginga må baserast på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, individuelt og i grupper, på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Årsplanen er målretta og vert skrive for kvart år etter mal frå kommunen. Den er eit styrande dokument som blir evaluert og utvikla. Den seier noko om kva me ynskjer å oppnå, kva me vil gjennomføra og korleis me vil leggja til rette.

Vidare skriv me periodeplan eller månadsplan for månadane som kjem. Me legg planar for ulike aktivitetar som skal gjennomførast i løpet av året, for gruppedeling, for deling av personalet og for korleis me vil jobba med dei ulike fagområda i Rammeplanen.

Barn sin rett til medverknad

Opplevinga av å meistre er viktig, om ein er voksen eller barn. Å meistre ei oppgåve eller ein jobb, eller å få prøvd ut eigne idear gir god sjølvtillit. Ein føler seg tydingsfull og ein får konkrete erfaringar.

Ved å arbeide med barn sin rett til medverknad ynskjer me å legga til rette kvardagen slik at kvart barn får moglegheit til å vere delaktig ut frå eige meistringsnivå.

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt utrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova § 1 og 3. (Rammeplanen s.27)

Å verta sett, ”tatt med på laget” av andre barn og vaksne, å verta lytta til og få moglegheit til å dele opplevingar, er viktige perspektiv i dette arbeidet.

Å arbeide med medverknad inneber også å:

- * vidareføra barna sitt initiativ gjennom små og meir strukturerde prosjekt
- * gjennomføring av barnesamtalar
- * ta med på råd i situasjonar som oppstår her - og no

Å arbeide med barn sin medverknad må sjåast som eit ledd i å utvikle barn sin sosiale kompetanse. Ved at barna utviklar medvit rundt dei små val og avgjersler som tas, og det å få prøvd ut eigne idear i samarbeid med andre, gir dette eit godt grunnlag for utvikling av identitet og sjølvkjensle.

Også foreldra får høve til å vere aktivt med på å planleggje innhaldet i barnehagen, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Me legg og opp til drøfting av barnehagen sitt innhald på foreldremøte.

*“Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda”
(Rammeplanen s.39)*

9. Dokumentasjon

Læringa til barna og arbeidet til personalet skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over barnehagen sitt verdigrunnlag og oppgåver og barnehagen som arena for leik, læring og utvikling.

Imsland barnehage vil dokumentera verksemda si på denne måten:

- Me evaluerer periode/ månadsplanen.
- 6-åringane får kvar vår med seg heim boka dei har jobba med på s-gjengen det siste året i barnehagen.
- ”Tras” og ”Alle med” gir dokumentasjon av barna si læring og utvikling og blir brukt alle åra barna går i barnehagen.
- Produkt som barnet lagar, kan òg bli vist fram eller tatt med heim, som god handfast dokumentasjon på kva som er gjort.
- Opplegg med dei sju fagområda vil me for eigen del dokumentera etter kvart som me har opplegg og aktivitetar i grupper eller i fellesskap. Dette blir på same tid fortløpande evaluering.
- Referat frå møta våre er dokumentasjon for arbeidet med planlegging og pedagogisk ståstad.

10. Vurdering

*“Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen”
(Rammeplanen s.38)*

Rammeplanen seier at me skal evaluera arbeidet me gjer. Me skal sjå på kva som gjekk bra, og kva som ikkje fungerte. Kva var grunnen til at det evt. ikkje fungerte, og korleis kan me gjera det betre?

Imsland barnehage evaluerer på desse måtane:

Kva tid	Kven er med	Kva blir evaluert
Fagdagar ca annakvar månad.	Personale	Evaluering av opplegg og aktivitet. Pedagogisk grunnsyn.
Planleggingsdagar 5 i året.	Personale	Årsplanarbeidet haust og vår Satsingsområda våre.
Kvar haust	Samarbeidsutvalet	Årsplanarbeidet haust og vår
Kontinuerleg direkte til oss eller via foreldrerepresentant.	Foreldra	Dagsrytmen, opplegg, aktivitetar, kva som helst..
Etter ønskje	Foreldrerådet (alle foreldre)	Kva som helst
Kontinuerleg	Barna (direkte og indirekte)	Opplegg og aktivitet. Kva barna seier og gir uttrykk for kan gi oss viktige peikepinnar
Haust og vår	Barnesamtalar med s-gjengen	Korleis opplever barna kvardagen i barnehagen?

11.Samarbeid

Samarbeidsutvalet

Består av representantar frå foreldregruppa og representantar frå dei tilsette.

Samarbeidsutvalet sine hovudoppgåver er å vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vere med å drøfta barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeida for å fremja kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet. Foreldrerådet og dei tilsette vel kvar kor mange representantar som skal sitja i barnehagen sitt samarbeidsutval, men slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn dei andre gruppene.

Kommunen kan bestemme at det skal vere felles samarbeidsutval for kommunal barnehage og grunnskule. Ved Imsland skule og barnehage er dette felles. Representantane vert valde for eit år om gongen.

Funksjonstida for eventuelle eigarrepresentantar vert fastsett av eigar. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

Dersom det blir avstemming i samarbeidsutvalet har kvar representant ei stemme, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld. Dersom det blir likt med stemmer har leiaren dobbelstemme.

Samarbeidsutvalet skal ha kjennskap til og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for innhaldet i barnehagen, verksemd og tilhøve til foreldra. Slike saker er mellom anna forslag til budsjett, endringar i drifta, nytting av arealet ute – og inne.

«Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutval er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte»
(Rammeplanen s.30)

Foreldrerådet

Foreldrerådet skal fremja fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal verta førelagt og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Ved avstemming i foreldrerådet har kvart barn ei stemme, og vanlege fleirtalsvedtak gjeld.

Sentrale samarbeidspartnarar

- Dei andre barnehagane i Vindafjord Kommune. Me får tips og idear av kvarandre. Har felles planleggingsdagar, kurs og fagmøter.
- Imsland skule. Dei eldste barna i barnehagen blir invitert med på ulike DKS-tilbod som kjem til skulen. Barnehagen invitere skuleungane på besøk. Kvar vår får 6-åringane i barnehagen komma på besøk på skulen for å bli kjende med dei andre barna, klasserom og lærarar, me bruker skulebiblioteket og skuleungar har lesestund med barnehagebarna.
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
- Helsestasjonen
- Oppvekstteam i kommunen. To gonger i halvåret møtes oppvekstteamet for vårt område. Her kan ein drøfta utfordringar i barnehagen.
- Barneverntenesta
- Barne- og familierettleiar og psykisk helse team for barn og unge i kommunen

Andre sentrale arenaer for samarbeid og utvikling

Kommunen varetar den totale drift av barnehagen, medan einingsleiar har ansvaret for drifta.

For å sikre god kvalitet og utvikling av barnehagen er evaluering ein viktig del av arbeidet.

Det er av stor tyding at brukarane (barn og foreldre) er med i denne prosessen.

Viktige arenaer for dette er:

- * Foreldremøter/- konferansar
- * Barnesamtaler

Ved å ha regelmessige evaluering vil ein ha moglegheit til å endra innhald, arbeidsmetode slik at ein på best mogleg måte når dei mål som er sett:

Viktige arena for dette er:

- * Planleggingsdagar
- * Personalmøter
- * Leiarmøter
- * Avdelingsmøter

Teieplikt

Alle som jobbar eller har praksis i barnehagen har teieplikt med omsyn til tilhøve ein vert kjend med i arbeidet, i følge Lov om barnehager § 21. Det er kun barna sine foreldre og barneverntenesta som kan oppheve dei tilsette si teieplikt.

12. Pedagogisk plan for barnehageåret

Her viser me til periode/månadsplan som me sender ut til alle foreldre i barnehagen. Desse planane er detaljerte og seier noko om kva me legg vekt på i månadane som kjem. Breva gir informasjon om nyttige ting som angår barna og foreldre

